

Handlingsplan for Nettverk for læring og mestring i Helse Vest 2023 - 2027

Mål for regionalt nettverk: (Mandat frå Helse Vest per 03.01.13)

Målet for nettverket er å bidra til at pasientar og pårørande får eit kunnskapsbasert og likeverdig tilbod i heile Helse Vest.

Hovudoppgåva til nettverket er å gi (frå mandat per 03.01.13)

Gi innspel til Helse Vest RHF når det gjelder utvikling av pasient- og pårørandeopplæring i Helse Vest, mellom anna ved å utarbeide forslag til handlingsplan for feltet med utgangspunkt i rapport (2012). Utvikling av standardiserte arbeidsmetodar og kunnskapsdeling i regionen er vesentlege moment i ein handlingsplan. Planen skal ha eit treårig perspektiv og prioritere mellom kortsiktige og langsiktige tiltak.

Andre hovudoppgåver for nettverket er å bidra til:

- Fag- og kompetanseutvikling
- Koordinering mellom helseføretaka
- Samarbeid med og kompetansespreiing til kommunar
- Nasjonalt og inter-regionalt samarbeid

Opplæring av pasient og pårørande er ei av føretaka sine fire hovudoppgåver. Helse Vest synleggjer både oppgåva og arbeidsmetode i styringsdokument 2015:

«Opplæring av pasientar (læring og meistring) er inkludert i pasientforløpa»

«Opplæringa av pasientar og pårørande skjer i eit likeverdig samarbeid mellom brukarar og fagfolk....»

«Pasientars og brukarars erfaringar blir brukte aktivt i utforminga av tenestetilbodet (systemnivå)»

«Det blir samarbeidd med kommunane om utvikling av lokale opplæringstiltak»

Frå styringsdokumentet i 2022:

«Bemanning, utdanning, kvalitets- og kompetanseutvikling, forskning, innovasjon, helsekompetanse og opplæring av pasientar og pårørande skal underbygge god og forsvarleg pasientbehandling.»

«Sørge for at pasient- og pårørandeopplæring, både individuelt og i gruppe, blir inkludert i pasientforløp for ulike pasientgrupper der det er fagleg grunnlag for det. Aktivitetsdata skal inngå i styringsinformasjonen i helseføretaket.»

Handlingsplan

Satsingsområde 1: Gode pasientforløp

Mål: Alle pasientar som har langvarige helseutfordringar og deira pårørande, skal få tilbod om opplæring/ læring og mestring.

Tiltak:

1. Bidra til at opplæring/ læring og mestring vert integrert og synlege i pasientforløpa.

- a. LMS ved kvart føretak samarbeider med fagavdelingane i utvikling av pasientforløp og gode rutinar for tilvising til opplæringstilbod. Nettverket samlar erfaringar og gode eksempel for å lære av kvarandre og slik bidra til likeverdige tilbod.
- b. Har spesielt fokus på samarbeid om pakkeforløp og standardiserte forløp, bidra både regionalt og lokalt.
- c. Nettverket løftar fram gode pasientforløp, men òg behov og manglar, til oppdragsgivar i årsrapporten og i andre aktuelle fora.
- d. LMS er pådrivar for at opplæring både individuelt og i grupper vert teke inn i pasientforløp.
- e. Nettverket har oversikt og rapporterer årleg (januar) på kva for pasientar som får opplæringstilbod i grupper i samarbeid med lærings- og mestringssentra. Oversikten gjeld kvart føretak og samla i Helse Vest.

2. Bidra til samarbeid på tvers av føretak om spesialiserte opplæringstilbod

Nettverket bidrar til at små pasientgrupper får opplæringstilbod i grupper ved å:

- a. Fange opp behov, ha oversikt på tilbod og stimulere til samarbeid.
- b. Følgje opp at tilboda vert synlege på alle føretaka sine nettsider og sørgje for at dei blir gjort kjent for fagmiljøa og brukarane.
- c. Samarbeide om digitale tilbod som kan nyttast av brukarar i heile Helse vest .

3. Bidra til betre dokumentasjon og forankring av opplæring/ læring og mestring

- a. Kvart LMS følger opp praksis rundt dokumentasjonsrutinar.
- b. Nettverket deltar i arbeidsgruppe ved NK LMH¹ som arbeider med kvalitetsindikatorar og registreringspraksis.
- c. Arbeider for at LMS- tiltak/tall blir ein del av helseføretaka si årlege melding.
- d. Deltar i Helsedirektoratet sitt arbeid med betre dokumentasjon, forankring, rammer og rapportering av opplæring av pas. og pårørande/ læring og mestring (2023)

4. Bidra til at opplæring/ læring og mestring blir ein del av pasientforløpet på tvers av kommune og føretak

¹ Nasjonal kompetansetjeneste for læring og mestring www.mestring.no

- a. Kwart LMS deltar i arbeidet med pasientforløp mellom kommunar og sjukehus i føretaket. Nettverket samlar erfaringar og gir innspel til kvarandre.
- b. Årsrapporten frå nettverket syner korleis LMS/helseføretaket samarbeider med kommunar om gjennomføring av LMS tiltak.

Satsingsområde 2: Kompetanse, fagutvikling og forskning

Mål:

- Auka kompetanse innan opplæring av pasient og pårørande/ læring og mestring.
- Helsepersonell og leiarar får auka kompetanse om verdien av informasjon og opplæring til pasientar og pårørande
- Pasient- og pårørandeopplæring skal bidra til å auke pasienten/ pårørande sin helsekompetanse.
- Arbeidet med opplæring av pasient og pårørande/ læring og mestring skal vera kunnskapsbasert.

Tiltak:

1. Gjennomføre tilbod om kompetanseheving Helse Vest

- a. Nettverket er arrangør eller medarrangør for årlege fagsamlingar i regionen. Referansegruppa og AU avgjer frå år til år om det skal vera felles for heile regionen, lokalt ved kvart LMS eller som ein kombinasjon med bruk av digitale plattformer. Målgruppa er tilsette ved LMS, fagpersonar i spesialisthelseteneste og kommune som arbeider innan feltet, brukarrepresentantar og brukarorganisasjonar og aktuelle samarbeidspartar.
- b. Gjere kjent og vedlikehalde e-læringskurset som er utvikla av nettverket om gruppebasert pasient- og pårørandeopplæring.
- c. Gjennomføre digital fellesundervisning som *Digital lunsjcafé* for heile regionen med fokus på ulike tema og erfaringsdeling.

2. Bidra til auka helsepedagogisk kompetanse

- a. Alle føretak har tilbod om grunnkurs i helsepedagogikk.
- b. Avtale om hospitering hos kvarandre ved behov.
- c. Avtale om deltaking i kvarandre sine tilbod på tvers av føretak.
- d. Felles idébank i Teams.
- e. Brukarrepresentantar bør delta i utforming av det helsepedagogiske tilbodet i føretaket.
- f. Ivareta nettverk for dei som har ansvar for helsepedagogiske tilbod i kvart føretak og arrangere årleg samling/ påfyllsdag i regionen.
- g. Delta i arbeidet med NK LMH si nasjonale satsing på helsepedagogikk.
- h. Prøve ut digitale verktøy for kompetanseheving.

3. Bidra til at brukarkompetanse vert systematisk involvert i planlegging, gjennomføring og evaluering av tilbod (Standard metode/ arbeidsmetoden ved LMS)

- a. Vere pådrivar for at kvart føretak utviklar ein overordna prosedyre for opplærings- lærings- og mestringstilbod i grupper, som vert nytta av alle fagområde og klinikkar. Prosedyra skal synleggjere krav til likeverdig samarbeid mellom fag og brukarkompetanse, og korleis sikre god kvalitet på samarbeidet.
- b. Gjere kjent og oppdatere retningslinjene for brukarmedverknad i lærings- og mestringstilbod.
- c. Retningslinjene for opplæring av pasient- og pårørande i gruppe, skal utviklast i samarbeid med brukarrepresentantar.
- d. Gjere kjent og ha fokus på brukarmedverknad i møte med samarbeidspartar, i helsepedagogiske tilbod og fagsamlingar.
- e. Løfte fram gode eksempel på likeverdig samarbeid og systematisk brukarmedverknad.

4. Bidra til utvikling og implementering og av nye kunnskapsbaserte verktøy

Bidra til implementering av kunnskapsbaserte verktøy for gruppetilbod som Mestringstreff og Starthjelp. Bidra i samarbeid med NK LMH eller andre samarbeidspartar om utvikling og utprøving av nye verktøy.

5. Bidra til forskning og kunnskapsutvikling rundt opplæring av pasient og pårørande/ læring og mestring

- a. Løfte fram aktuell forskning i Helse Vest
- b. Bidra inn i aktuelle forskingsprosjekt lokalt, regionalt og nasjonalt.
- c. Bidra til regional og nasjonal oversikt på utviklings- og forskingsarbeid
- d. Delta i prosjekt/ forskingsgrupper ved NK LMH

6. Bidra til at lærings- og mestringstilbod vert evaluert av deltakarane

- a. Ta i bruk elektronisk evaluering av LMS-kurs
- b. Oppsummere resultat i regionen og peike på forbetningspunkt.
- c. Brukarrepresentantane i referansegruppa formidlar resultat/ forbetningspunkt til Regionalt brukarutval saman med leiar av nettverket. Leiar av LMS i kvart føretak formidlar til lokalt brukarutval.

Satsingsområde 3 Samarbeid med kommunar

Mål: Læring og mestring/ opplæring av pasient og pårørande er ein del av samarbeidet mellom kommunar og føretak

Tiltak:

- a. LMS ved kvart føretak bidrar inn i arbeidet med helsefelleskapa i regionen. Nettverket i Helse Vest samlar og bidrar til å dele erfaring/ lære av kvarandre.
- b. Nettverket presenterer årleg samla status på samarbeid mellom føretak og kommunar i regionen i årsrapport.

Satsingsområde 4 Digitale verkøy

Mål: Pasientar og pårørande skal få opplæring via digitale verkøy der dette er tenleg.

Tiltak:

- a. Prøve ut ulike modellar for pasient- og pårørandeopplæring med bruk av digitale verkøy, i samarbeid med kommunane, via prosjekt- eller utviklingsamarbeid.
- b. Delta i forsknings- og utviklingsarbeid som undersøker nytte av digitale løysingar for å heve helsekompetansen hos pasienter og pårørande.
- c. Delta i arbeidet med å utvikle gode pedagogiske løysingar knytt til bruk av digitale verkøy
- d. Styrke kompetansen på digitale verkøy hos tilsette ved LMS og fagpersonar som er involverte i kurs.
- e. Samarbeid med andre aktørar innan digitale helsetenester.

Satsingsområde 5 Samarbeid

Mål: etablert samarbeid med aktuelle partar for å dra nytte av kvarandre sin kompetanse og saman utvikle faget.

Tiltak:

- a. Delta i aktuelle prosjekt, arbeidsgrupper, fagsamlingar og nettverk i regi av Nasjonal kompetansetjeneste for læring og mestring innen helse (NK LMH)
- b. Representere Helse Vest i referansegruppa for NK LMH
- c. Samarbeide med andre regionar i aktuelle saker. Koordinator deltar i felles forum for regionane og NK LMH.
- d. Samarbeide med Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i aktuelle saker og delta på kvarandre sine fagsamlingar.
- e. Delta i forskingsnettverk for pårørande.
- f. Nytt brukarkompetanse og samarbeide med aktuelle brukarorganisasjonar og brukarutvala om utvikling av form og innhald i pasient- og pårørandeopplæringa